

Øystein Hide

Stad: Høgskulen i Volda, Henrik Kaarstad-huset

Arrangement: Fagdag HVO (ISL), Nynorsksenteret, Nynorsk kultursentrum

Innlegg ved fagdag: Onsdag 17. november 2021, kl. 11.00–11.30

Utgangspunktet for innlegget er den heilt ferske PhD-avhandlinga mi om *Olav H. Hauge Dagbok 1924–1994*. (Dagboka vart publisert i fem band av *Det Norske Samlaget* i 2000.) Korleis og på kva måte kan me lesa denne dagboka som bidrag til ein totusenårig tradisjon av sjølvkommuniserande tekstkulturar? På kva måte kan me sjå Hauge som deltakar i denne tradisjonen, på same tid som han skreiv seg inn i den nynorske skriftkulturen, i nynorske tekstkulturar og i arven etter fleire andre skrift- og teksttradisjonar?

I avhandlinga føreslår eg ein lesemåte av dagbøker med utgangspunkt i at ei dagbok er ein tekst skriven i ein kultur. Ein slik lesemåte inneber at ein ser nærmare på dagbøker i lys av tekstteori, kulturforståing, kommunikasjonsteori og sjangerforståing. *I dette innlegget vil eg sjå nærmare på desse tilnærmingane, som utgangspunkt for ei drøfting av dagboka lesen som bidrag til den nynorske skriftkulturen:* Finst ein slik sjølvkommuniserande tradisjon i denne skriftkulturen? På kva måte kan me ev. sjå Hauge si dagbok som bidrag til eller fornyar av ein slik tradisjon?

1. Kva er ein tekst?

- *Prosessuell representasjon*, etter Paul Ricoeur (repr.) og Roland Barthes (prosess)
- *Diarium og journal* – To diskursformer for dagbokskriving, der diarium er refleksjonsfri medan journal er refeleksjonsladd

2. Kva er ein tekst i ein kultur?

- I tråd med tradisjonell kulturforståing, er ein tekst i ein kultur ein freistnad på å skapa noko
- Ein tekst skriven i ein kultur reflekterer straumdrag i språk og uttrykksformer

3. Korleis kommuniserer denne dagbokteksten?

- Hauge etablerer retoriske situasjoner (etter Bitzer), dvs. stader i teksten der det vert forventa at det kjem tilsvare. Skrivaren inkluderer på den måten lesaren i prosessen.
- Desse situasjonane vert repeterte, og framstår som typifiserte retoriske hendingar (etter Miller)
- Slike hendingar les eg som stader i teksten, topoi, men kallar dei *kronotopar* sidan dei etablerer stader uavhengig av *kronologisk* tid. Stadene kan me identifisera som somatisk (stadfesting av fysisk plassering), memoria (minne) og farmakon (løysing, terapi)

4. Kvifor kommuniserer teksten slik? Korleis bidreg Hauge til denne sjangeren?

- Ved å etablira retoriske hendingar og etter kvart kronotopar, er føremålet å stilna/finna løysingar på dei retoriske situasjonane
- Lesaren syner skrivaren at skrive- og leseprosessen har gjeve innsikt/kunnskap